



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/935 - 18/22883

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

30.10.2018

Delrapport Prosjekt Vått og vilt klima -praktiske klimatiltak for landbruket i Meland

Først vil me nytta høve til å takka for løyvinga, som var heilt avgjerande for å setja i gong dette prosjektet.

Organisering: her var målet å få på plass arbeidsgruppe, verta samd om arbeidsdeling , få finansiert prosjektet og definera samarbeidspartar.

Arbeidsgruppa består av: Lise Austrheim (landbruksrådgiving Vest) Magnar Askeland (bonde i Meland) Helge Henanger (bonde i Meland) Øystein Kolstad (ung bonde på Radøy, tilsett på landbrukskontoret i Lindås, Radøy, Austrheim og Fedje) Øyvind Vatshelle (landbruksavdelinga Fylkesmannen og Laila Bjørge(landbrukssjef). Landbruksrådgivinga fekk frå 1.august Gunstein Dyrdal som ny rådgjevar for maskinteknikk og presisjonslandbruk og han bidreg med god kunnskap inn i prosjektet.

Arbeidsdelinga som er avtalt er at Lise Austrheim har det faglege ansvaret. Magnar Askeland og Helge Henanger saman med ung bonde Sander Nedreås står for praktisk gjennomføring for tilrettelegging for filming, og underteikna har ansvar for prosjektstyring og økonomi. Øyvind Vatshelle har ansvar for å følgja med på forskning/andre prosjekt som har relevans, og Øystein Kolstad er representant for målgruppa og skal bidra til at me «treff» målgruppa i høve til bodskap.

Finansiering: Prosjekt er fullfinansiert i samsvar med budsjettet . Det er i tillegg til tilskottet frå FM gitt tilskot frå HFK Rull-midlar 50 000, Klimamidlar 30 000, og i tillegg kjem eigeninnsats frå kommune og bønder/ bondelag. Kostnader i prosjektet så langt er tidsbruk på møter og planlegging, reisekostnader og faktura for prøveproduksjon/ første video.

Samarbeidspartar: prosjektet har inngått avtale med Buss og Media som tek seg av filming og redigering. Dei vil og kunna gje råd i høve til formidling på sosiale media. Tips frå første møte om filming og formidling: Ikkje låst manus ved filming, formidling undervegs. Fleksibel filming og klipping i etterkant. Lengda på filmsnuttar må vurderast undervegs, litt utifrå kva informasjon som skal framhevast, samt vurdering om det skal leggest på tekst og om det skal vera med eller utan lyd?

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Formidling gjennom sosiale mediar vert nemnd som beste og rimeligaste måte. Oppretting av kontoar på Facebook, Youtube, Instagram og liknande. Her må målgruppa vurderast for å nå flest mogleg. For dei som ikkje nyttar sosiale mediar må ein ha nokre andre alternativ. (små brosjyrar)

Referansegruppa er under oppbygging og ein har henta inn folk med ulik kompetanse. unge bønder er sjølvsgt, men og folk med erfaring frå kommunikasjon/formidling. Tanken er å samla referansegruppa til ein gjennomgang når ein har klar første video.

Arbeidsgruppa har hatt to arbeidsmøte, derav eit møte med Buss og Media. I tillegg har det vore arbeid med planlegging, administrasjon, kunnskapsinnhenting m.m

Erfaringskartlegging/idedugnad. Målet her var å kartlegga lokale erfaringar for viktige tiltak som ein kunne bruka til formidling.

Viktige tankar om Bondevett som er komen fram så langt

Gjera ring til rett tid (det er ikkje kva du gjer, men når du gjer det.

- Tidspunkt for møk/kunstgj om våren
- Val av traktor/ustyr/dekkutrustning
- Haustetidspunkt –kompromiss utv. Gras/vær
- Bæreevne –myrjord er som å gå på tynn is, må vita når den er sterk nok til å bera
- Kva er rett tid å kjøra på jorda

Kan ikkje gjera noko med klimaendringane, må spela på lag med naturen

Førebyggja-vera i forkant

Viktige verdiar i prosjektet

- Ingen er gode til alt, alle er gode til noko
- Visa bra ting som vert gjort
- Inspirera andre
- løfta i flokk

Me prøver å henta inn erfaring frå andre stader og fanga opp liknande videoklipp som ein kjem over i sosiale media for å ta lærdom av dette. Neste veke skal to i arbeidsgruppa til Ås å treffa klimaforskar Siri Eriksen for å høyra meir om kva forskninga viser.

Produksjon: Velga ut tiltak som skal formidlast, Laga manus/regi for filming-definera bodskap, Gjennomføring filming, Klipping/redigering/tekst, Testing - referansegruppe

Det er denne fasen me no er inne i. Me har valgt jordpakking som første tema og har som mål å laga ein prøveproduksjon slik at me kan få litt kunnskap om korleis ting må planleggast og gjennomførast både før, under og etter filming. Det er mange problemstillingar ein kan belysa.

Jordpakking er valgt som første tema:

Jordart

Kjøremønster

Interne driftsvegar

Vassjukt? Grøftetilstand, Profilering, Utløp
Avskjering av vatn- leda vekk vannåre eller senka vannstand/vass-seg

Foreløpig har Buss og Media filma ein dag der det var kjøremønster på teigar som var tema. Det skal leggjast på lyd og filmen klippast til. Dette er planlagt gjort i løpet av november.

Formidling planlegging av marknadsføring av resultat

Det skal lagast ein enkel plan for formidling, men me avventer og ser korleis det går med produksjonen først.

Økonomi og Timeforbruk

Så langt er det registrert 69 timar i prosjektleiing, møter arbeidsgruppa, planlegging og gjennomføring av filming. Norsk landbruksrådgiving har levert 31 timar. Avhengig av timesats har dette ein kostnad mellom 50-60 000. Me har avtalt kr. 15 000 på produksjon av første prøvefilm, og servering/kjøregodtgjersle kjem i tillegg. Prosjektet er soleis bra i rute i høve til budsjettet. Det er naturleg at ting tek lenger tid i byrjinga til ein får erfaring om korleis arbeidet må leggjast opp. Ei utfordring er at vertilhøva er avgjerande for om arbeidsoppgåva kan utførast, og at det då ofte må skje på kort varsel.

Det vil verta oppretta ein eigen objektkode så alle inn og utbetalingar som gjeldt prosjektet vert ført her. Det gjev god økonomistyring. Timane vert registrert på xl-ark og Norsk landbruksrådgiving har eigne registreringar. Det er ikkje fakturert noko enno, men reknar med at dei første faktuarane kjem i løpet av kort tid.

Hovuddelen av filminga vil foregå neste år, og planlegging av dette vil verta gjort vinteren 2018/2019. Filminga må følgja dei ulike arbeidsoppgåvene gjennom vekstsesongen.

Med helsing

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hordaland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN